


Returdresse:  
Pirion  
Næringsbedet  
i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes  
N O R E G



## PIT PARION

# NYE FORTELJINGAR TIL NYE UNGAR

— Trøbbel med å sove, Finn? Tigeren dukkar fram frå gøymestaden under senga så snart foreldra til Finn går inn i stova. Bestefar fortel at det er skumle dyr under sengene til alle born i heile verda; nokon har ein hoggorm, andre ei krokodille. Sjølv hadde han ein flodhest. Slike skumle dyr er alltid veldig

snille, seier bestefar. «Yo, Finn» helsar tigeren, «kul togbane!» Når Finn ikkje får sove, fortel tigeren lenge og detaljert om favorittsporten sin, cricket...



JANNE KARIN STØYLEN  
Litteraturmedarbeidar  
Nasjonalt senter for  
nynorsk opplæring

Frode Grytten har løyst utfordringa frå forlaget Skald om å skrive ei ny nynorsk godnattforteljing for born med humor og spenning. I

*Godnattboka* finn ein 22 historier med passende lengde for ei leggjestund. Fleire er tøysete og morosame som Grytten si, nokre er nifse, andre er lærerike, nokre er søte, og ei går an å syngje! Variasjonen over temaet å leggj seg og å drøyme er stor.

Halvparten av bidragsytarane skriv for born for første gong. Stor honnør til forlaget for eit kreativt utval av forfattarar! Det er spennande og imponerande å sjå kor godt nykommarane kjem frå det. Med etablerte og meritterte forfattarar som Brit Bildøen, Ragnar Hovland og Einar Økland på same lag i forteljestaften vil alle kunne finne seg nokre favorittar i denne samlinga.

I mange situasjonar treng vi som les for born, ei historie som ikkje varer så lenge. Eit kvarter, litt meir, litt mindre. Ei forteljing på samlingsstunda, ei leseøkt i matpausen, det kan vere ein fin måte både å starte og avslutte dagen på. Slike forteljingar finn du i *Godnattboka*. Dei kan godt lesast i dagslys og! I 2007 fekk boka nynorsk litteraturpris. Suksessen inspirerte forlaget til å satse på nytt. På eventyr!

— Denne gongen er alle forfattarane etablerte, for eventyrsjangeren er utfordrande, og eg har nok vore svært streng, fortel forlagsredaktør Simone Stibbe. — Det var mange som ikkje torde å prøve, og det var fleire som ikkje lukkast. Berre dei beste kom med. Dei første eventyra passar for dei yngste. Utover i boka vert forteljingane meir avanserte, forklarar ho.

— I Skald forlag fordeler vi prosjekta i forhold til kva bøker vi verkeleg brenn for, og kven som har mest engasjement for ei utgjeving. På den måten vert nesten alle bøkene våre hjartebarn, og *Eventyrboka* er mitt, smiler redaktør Simone Stibbe. Vi satsar stort på det visuelle. Gunvor Rasmussen har teikna eventyr i heile sommar! I tillegg er vi svært opptekne av korleis det kjennest å ha boka i handa. Vi ville at det skulle vere godt å halde i denne boka, så vi har vore nøye med val av materiale.

— Lengst sør i Italia ligg Calabria. Spora etter eit hardt liv har gjort andleta til innbyggjarane barske og tilknappa. Men slik som våren kler det steingrå landskapet med gyllen gyvel, raude valmuar, kvite prestekragar og blomstrande sitronhagar, kan også calabresarane mjukne til og bli hjartelege i møtet med framande.

Eg er lengst bak i boka no. I eventyret om Kokken frå Calabria. Har lært at tiramisù er italiensk og betyr «løft meg opp». Det passar. Dette eventyret løftar lesaren. Du finn heilt sikkert også ein favoritt. Eg har forelska meg i kokken frå Calabria!

nr. 1 - 2010  
**PiRion**  
- kulturavis for barnehagar og skular



- Born treng bøker for å læra å lesa, for å kunne forklara seg og for å skjona omverda, seier forfattar Erna Osland.  
- Du kan ikkje gje barn noko betre enn språk. Mat er viktig, men ord er nødvendige, understrekar barne- og ungdomsforfattaren.

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

**PiRion**-kurs Les meir på [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

**PiRion**

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

PIRION ER STØTTA AV, KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 1/2010, 11. årgangen — ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: [www.pirion.no](http://www.pirion.no) Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design

Born treng bøker for å leva

# Born treng bøker for å leva

Osland likar å skriva for barn fordi ho meiner at språk er så viktig når ein skal bli kjend med andre og ikkje minst seg sjølv.

— Før var eg norsk lærer av den grunn. No får eg vere med og skriva bøker og ikkje minst bidrag i lesebøker — som er verdas viktigaste bøker, understrekar ho.

Det primære med Osland si skriving har aldri vore å underhalda. Forteljinga er med på å setja lesaren inn i korleis andre tenkjer, understrekar ho. Forfattaren gjev ikkje slepp på barnet i seg. Mykje av den nynorske barnelitteraturen har noko å by den vaksne på same tid som den er for barn og ungdom, fortel ho. Den gode barnelitteraturen tek med seg heilskapen, den er om og for både barn og vaksne.

— Er det ei grense for kva ein kan skriva om for barn?

— Det er ingen grenser for kva tema ein kan skriva om for barn, konstaterer Osland. — Det som set grenser, er måten ein gjer det på. Ein må skriva slik at barn kan forstå det, at dei har glede og nytte av det. Sjølv sagt finst det vaksne som set grenser for kva dei vil barn skal lese og høyre om, seier Osland, men ho trur ofte det er meir skrivemåten enn emnet vaksne reagerer på. Samstundes meiner ho det er klart at stilen og framstillinga kan verka skremmande på ein liten lesar.

— På kva måte kan tematikk som døden i barnelitteratur vera til hjelp for unge lesarar?

— Alt som er vanskeleg, blir lettare om ein kan snakka eller lesa om det, det er no min måte å sjå det på. Og les ein ei bok saman med andre, slepp ein kanskje å gå og tenkja og vera heilt aleine. Mi bok om døden handlar jo nettopp om ein gut som får snakka om det mest naturlege av alt, at vi alle skal dø ein gong, seier Osland.

Osland har fått tilbakemeldingar både frå barn og vaksne som blir glade for at ho vil setja ord på, gje språk, til det som trykkjer fordi det er usagt eller gøymt på eit vis. Forteljingar kan opplevast som forklaringar. Og det ein finn forklaring på — eller det som blir sett i ein samanheng — blir lettare å forsone seg med.

ERNA OSLAND ER FØDD I HØYANGER I 1951. HO DEBUTERTE I 1987 MED UNGDOMSROMANEN NATTERAMNEN OG HAR ETTER DET SKRIVE MEIR ENN 30 BØKER FOR BARN, UNGDOM OG VAKSNE. OSLAND HAR SKRIVE NOVELLER, ROMANAR, SKODESPEL, SAKPROSA OG EIN TEIKNESERIE OM IVAR AASEN. HO HAR FÅTT MANGE PRISAR FOR BØKENE SINE, OG I 1999 VANN HO BÅDE BRAGEPRISEN OG KRITIKARPRISEN FOR BARNEBOKA SALAMANDERRYTTAREN. I 2007 GAV MANGCHOU UT BARNEBOKA FINT Å HA FAR AV ERNA OSLAND. (KJELDE: AASENTUNET.NO)

Tar barnelitteratur i dag barn på alvor?

— Ja. Så absolutt. Ikkje alle bøker sjølv sagt. Her er det som i vaksnelitteraturen, det finst bøker som berre er for tidtrøyte. Men mange bøker for barn i dag vil barnet vél og respekterer det som lesar og lyttar.

Osland meiner at det ofte er meir å finna i ein del barnebøker enn den vaksne travle bokmeldaren klarer å finna. Den vaksne meldaren tar ikkje lesinga si på alvor, og dermed får han ikkje tømte teksten og sjølv sagt heller ikkje meldt frå om alt det fine som blir skapt nettopp fordi forfattaren tar den barnlege lesaren på alvor.

## Samlaget skriv dette om Erna Osland si siste barnebok, *Den uendelege reisa*:



William og bestefar har lagt ut på ei reise saman til Egypt, men før reisa kjem i gang, blir bestefar påkjørt, og William blir kasta ut i eit eventyr på liv og død heilt aleine. Den uendelege reisa er ei magisk-realistisk forteljing som tek lesaren med inn i egyptisk mytologi og bergenske Williams uendeleg store redsel for å dø. Vignettar av Mikkel Grüner.

Den uendelege reisa er Erna Oslands andre bok om reiser. Den farlege reisa var den første.

(Kjelde: Samlaget)



© Erna Osland - Samlaget

Lova, lova, lina:  
Gjennom små song-  
stubbar ber Ruth  
Anne Moen om at  
vêret må bli fint.  
© Toyni Tobekk

## SYNG minner om ei anna tid

Det er tidleg haustkveld. Ti vaksne og to barn sit i den straumause stova på Hustveit i Sauda. Vi syng bårsullar frå 1800-talet i lag med folkemusikkarkivar Ruth Anne Moen.

TEKST: TOYNI TOBEKK

— Vi ønskjer å setje fokus på dei kvardagslege kulturminna, seier Moen. — Og det treng ikkje berre vere kaffikverner og plogar. Songskattane våre er òg kulturminne over dagleglivet.

Ho fortel og syng om småstubbar og bårsullar som er overleverte i munnleg form i løpet av førre hundreåret. Songane er kjende, også for dei yngste, men kanskje mest for dei som har levd ei stund. Mange av songane har sine lokale variantar, både i tonar og i tekst. I Vanvik i Suldal har Moen lært å syngje Kråkevisa med ein heilt annan tone enn den vi kjenner i dag. Og versa har lokale avvik og er endåtil fleire enn dei 13 som er dei mest kjende. Til dømes:

**Av tarmane laga ho ei pølse så lang, hei fara, ei pølse så lang.**

**Ho rakk i frå Norge til Amsterdam.**

**Hei fara, falturiltu raltu ra.**

### EVENTYRLEG MÅLTID

Publikummet i Hustveit-stova denne kvelden får kjenne historia på kroppen.

Vi sit tett saman på benker og stolar, og det kan vere ein fordel i eit straumlaust hus kor det ikkje er fyr i omnen. Historia sit, som ein seier, i veggene, i kistene, trebenkene og langsmed dei gardinlause glasa. På bordet står det ei parafinlampe og ei flaske Farris som skal væte songstrupen. Ruth Anne Moen har engasjert oss i ei aukevisse.

— Kva skal brura spise i dag? syng Moen.

— Eit par hollandske duer, svarar vi.

Ei aukevisse er ei vise kor teksten legg på seg for kvart vers. Denne handlar om brura som skal få meir å ete for kvart vers, og som ender opp med fjorten hjortar med klauver og horn. Ungane ler, dei har knappast høyrdd om maken til etegilde.

Med programmet Reven lakkar på strete vil Ryfylkemuseet setje fokus på gamle songar som kvardagsminne.

### SONG FOR GODT VÊR

Det er ikkje like lett å forstå all tekst i ein gammal song. Lova, lova, lina, kva tyder no det?

— Mange ord er heilt uforståelege. Då må eg forklare kva orda betyr, seier Moen. — Det går heilt fint, og mi opple-

ving er at ungane likar å høyre om desse ukjende orda. Lova, lova, lina er ei bøn om at vêret må bli fint.

Slike songar kallast jetleviser. Å jetle er det same som å gjete, forklarar songlæraren vår denne kvelden. Gjetarane var ofte barn, jetlebå, og mødrene og fedrane song om at barna måtte få fint vêr når dei skulle ut og sjå til buskapen. Men jetleviser kan òg vere viser om skumle møte med ville dyr som vil ta dei uskuldige lamma i flokken.

### - BRUK MUSIKKEN

Moen gav i fjor ut boka *Bergteken*, ei samling folketonar frå Rogaland. Her er songar ho har fått overlevert munnleg, og som ho sidan har skriva ned. Sjølv om tekstane har gjennomgått ein viss grad av språkvask, så har det aldri vore på tale å omsetje eller modernisere språket.

— Folkemusikken er meir enn berre tekst. I songen er det rytme og klang som er avgjerande for songopplevinga. Viss vi set om teksten, risikerer vi å ta vekk noko av dette som gjer songen god å syngje.

— Det viktige er, seier Moen, å ta songane i bruk og gjere dei til sine egne. Syngje med den stemma og den dialekten ein har.

### NETTLENKER

Songar frå Rogaland:

Ola sko du å tenna pibå si (frå Strand), Silje Vige syng

[http://www.ryfylkemuseet.no/doc/71\\_Ola%20sko%20ud%20aa%20tenna%20pibaa%20si.wma](http://www.ryfylkemuseet.no/doc/71_Ola%20sko%20ud%20aa%20tenna%20pibaa%20si.wma)

Sure lure line (frå Karmøy), Åshild Vetthus syng

[http://www.ryfylkemuseet.no/doc/72\\_Sure%20lure%20line.wma](http://www.ryfylkemuseet.no/doc/72_Sure%20lure%20line.wma)

Kjelde: Ryfylkemuseet

